

Til dei vidaregåande skulane

Dato: 30.05.2017
Vår ref.: 2016/9170-27
Saksbehandlar: siltot5
Dykkar ref.:

Mogleg justering av elevtal ved dei ulike utdanningsprogramma/programområda, skuleåret 2017/18

Inntakskontoret har i år godkjent kurs over to år for fleire elevar enn tidlegare. Desse elevane blir formelt sett deltidselevar det komande skuleåret.

Sidan denne elevgruppa, som hovudregel, berre skal lese einskilde fag i skuleåret 2017/18, vil vi tru at dette kan opne for inntak av totalt sett fleire elevar i dei klassane som har fleire deltidselevar. Særleg kan dette vere aktuelt innanfor studieførebuande utdanningsprogram, m.a. til Vg3 STU der talet på prioriterte søkjarar kan vere høgare enn talet på heiltidsplassar.

Vi vil difor be om at skulane ser litt på dette dei neste par vekene, og sender oss eit oversyn der totaltalet på elevar til det einskilde utdanningsprogram/programområde kan aukast.

Sidan arbeidet med å godkjenne søknader om ta kurs over to år framleis kjem inn dagleg, vil vi be om at oversynet ikkje blir sendt inn før **23. juni** når dei fleste av desse søknadane er ferdigbehandla, og skulane har fullt oversyn over kor mange dette gjeld.

Venleg helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.